

Klårt signal frå ordføraren. Skulen er sikra

04.11.2015



Ordførar Peder Sjo Slettebø møter Harald Sunde

**Ordførar Peder Sjo Slettebø var invitert til månadsmøtet i Uskedal Utvikling i Gamleskulen i kveld og fekk mange positive innspel om bygda. Til gjengjeld kom han med fleire innspel sjølv, og det viktigaste og klåraste var at skulen er sikra.**

**Ordføraren møtte med inntrykk som han hadde fått gjennom åra og peika mellom anna på Festidalen. Han hadde hatt mange lukkelege stunder her og tykte ikkje minst det hadde vore kjekt å følgja med på nettsida.**

**Etter vitjinga er det liten grunn til å tru at Uskedalen vert gløymd i kommunal samanheng sjølv om bygda etter valet ikkje er representert i kommunestyret.**

Ei lang rekke som hadde innlegg vart toppa av den nye verten i vertshuset, Roy Lervåg som presenterte seg sjølv og opplyste til uskedalen.no at han opnar 20.november med å gå direkte på juleborda. Han lova ein familievennleg meny i helgane og kjem også til å satsa på kurs.

Magne Huglen hadde avvikla mange lukka lag, men etterlyste fleire samarbeidspartnerar til dømes overnattingstader. Han hadde ikkje råd til å satsa på fleire låvefestar enn no.

Landbruket presenterte seg som den største næringa i bygda, og talsmennene Olav Hjetland Bringedal og Hans Reidar Kjærland meinte at det levande jordbruket er ein vesentleg årsak til innflyttinga til Uskedalen. Dei la fram store tal for å illustrera kor mykje som krevs i framtidas konkurranse,

Talsmannen for dei eldre Harald Sunde kom inn på det positive omdømme som bygda har og meinte at det har samanheng med fleire tiltak, til dømes Tlaren og nettavis. Her vert det ikkje teke omsyn til kva dei gjer i andre bygder. Han var også oppteken av den vidare utbyggjinga av aktivitetsparken som kan få mykje å seia for dei eldre.

Men han kom også inn på utviklinga av KV som er kommunen si oppgåve og som krev oppfølging.

Tekst foto og nett: Ola Matti Mathisen



Roy Lervåg orienterar, bak Kristian Bringedal i UU